# Tambarskjelvar IL – Styremøte 5/2018

Til stades: Håkon, Anne Marit, Fredrik, Karianne og Siss-May

| Styresak | Orientering | Vedtak |
|---|---|---|
| **25/2018** | **På vegne av sports og ungdomsutveksling Sunnfjord-Kent 2018, ønsker prosjektet/foreldregruppa som arrangerer, å søke idrettslaget om økonomisk støtte.**<br><br>Vi ønsker å søke om 6000 i støtte, samt søke om å få kjøpe totalt 12 stk S tri t-skjorter til ein noko rabatert pris. Desse ønsker vi å gi som gave til kvar av vertsjentene som våre jenter skal bu hos. Gruppa beståande av totalt 23 jenter frå Naustdal , Førde og Gaular, meiner at dette vil være ei flott gåve å gi. Eit fantastisk bilde med motiv som dekker mange element i Sunnfjord. Kanskje også god reklame for Sunnfjord tri i Kent og USA | Styret oppfordrar søkjar til å søkje tilsvarande hjå andre aktuelle idrettslag.<br><br>Styret innvilgar søknaden med kr. 6000,-.<br>Vilkår: Styret ynskjer publisering av reisebrev frå turen.<br><br>Det er Tambarskjelvar sykkel- og triatlongruppe som sel desse t-skjortene. Ludvik er difor vist dit mop spørsmål 2. |
| **26/2018** | **Naustdal kommune vil starte opp att Ungdomsrådet**<br>Ungdomsrådet er samansett av 7 representantar med vara, 13-21 år, busett eller heimehøyrande i Naustdal.<br>Elevrådet skal ha 4 representantar med vara.<br>Tambarskjelvar IL vel 1 representant med vara, i alderen 16-21 år.<br>2 representantar med vara frå politiske ungdomsorganisasjonar, andre lag/org., alder 16-21 år. | Styret ber gruppene om å finne ein representant med vara. Styret ynskjer tilbakemelding før skulestart hausten 2018. |
| **27/2018** | **Tambarskjelvar skal stille med 10 vakter på Eikefjorddagane.**<br>Eikefjord grendalag stilte med 10 vakter på Sunnfjord Triatlon, noko som betydde at vi ikkje trengte like mange vakter frå gruppene som tidlegare. | Styret ber gruppene om å stille med vakter på Eikefjorddagane 17. og 18.aug. (5 vakter kvar kveld).<br>Styret ber om at gruppene finn minst ein repr. kvar: |

| | | |
|---|---|---|
| | | Fredag: Styret, Fotballgruppa, Sykkelgruppa, Hundekøyrargruppa, Idrettsskulen<br>Laurdag: Styret, Vektløftargruppa, Friidrettsgruppa, Ski- og orienteringsgruppa, Trimgruppa |
| **28/2018** | **Hallstyret**<br>Per no har vi ikkje fulltallig Hallstyre. Vi manglar leiar og ein representant frå Tambarskjelvar. | Styret ber gruppene bidra til å finne eigna person som kan tenkje seg å lede Hallstyret. Arbeidet vert kompensert etter nærmare avtale.<br><br>Vi treng og ein person til erstatning for Kari Stokkebekk (som m.a. har hatt ansvaret for Hallvaktene på kveldstid).<br><br>Alle må engasjere seg i å finne nye vakter kveldstid! |
| **29/2018** | **Sunnfjord Triatlon**<br>Styret meiner at Triatlongruppa må ta over arrangementet på sikt. Ev. som eit samarbeid mellom fleire av gruppene. Vi ynskjer å utarbeide ein manual for arrangementet.<br><br>Kan vi skape meir liv på Sanden under arrangementet?<br><br>Festen i teltet på kveldstid<br>Styret vurderer å sette vekk festen på kveldstid til andre, ev betale ei gruppe/lag/organisasjon for å drifte festen. | Eige drøftingsmøte om dette hausten 2018.<br><br>Gruppene må gjerne kom med forslag til aktivitetar (oppvisning, musikk, publikumskonkurransar).<br><br>Vi tek gjerne imot innspel på dette forslaget! |

Takk for godt arbeid våren 2018!

Ynskjer dykk alle ein riktig god sommar!

Helsing Siss-May